



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep,
0030 Oslo

Sakshandsamar:
Tor Arne Hauge

Innvalsnr

Arkiv

Saksnr
13/02

Løpenr

Dato:
11.07.2002


"Fortid former framtid" - Høyringsuttale frå HAFS-regionråd

HAFS-regionråd, som er samarbeidsorgan mellom kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen, handsama i sitt møte 17.06.2002 forslag til høyringsuttale til NOU 2002:1 Fortid former framtid – utfordringer i en ny kulturminnepolitikk. HAFS-regionråd gav støtte til den framlagde høyringsuttalen.

Ved ein glipp i administrasjonen i Solund kommune har uttalen ikkje vorte oversendt innan fristen 28.06.2002. Vi vonar likevel at uttalen kan verte med i den vidare handsaminga av saka.

Høyringsuttalen fylgjer vedlagt.

Med helsing



Steinar Krakhell
Leiar i HAFS-regionråd

Vedlegg: Høyringsuttale

Kopi til: HAFS-kommunane
Stiftinga Jensbua

Kommunane Hyllestad – Askvoll – Fjaler – Solund – Gulen

HAFS regionråd
c/o Solund kommune

Adresse
6921 Hardbakke

Telefon
57 78 62 00

Telefax
57 78 62 01



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep,
0030 Oslo

"Fortid former framtid" - Høringsuttale frå HAFS-regionråd

HAFS Regionråd – som er samarbeidsorgan mellom kommunane Askvoll, Fjaler, Solund, Hyllestad og Gulen – har med stor interesse lese utgreiinga "Fortid former framtid" frå Kulturminneutvalet.

Desse 5 kommunane har i om lag 10 år arbeidd aktivt med kulturminnevern gjennom Stiftinga Jensbua, som er eit interkommunalt samarbeid om kulturminnevern og reiseliv. Gjennom denne organisasjonen og samarbeidet mellom kultur- og næringsetatane i kommunane våre tilbyr vi hjelp og kompetanse til istandsetjing, formidling og drift av kulturminne og attraksjonar.

I det følgjande vil vi kommentere nokre punkt i utgreiinga "Fortid former framtid", med hovudvekt på det som får noko å seie for kulturminnevernet i kommunane.

Mål og visjonar

HAFS Regionråd kan slutte seg til dei visjonar, mål og strategiar for ein ny kulturminnepolitikk som utvalet legg opp til (kap. 3.3). Vi vil her leggje vekt på at dei økonomiske rammene i framtida i større grad står i høve til dei enorme oppgåvene og det store "etterslepet" kulturminnevernet står ovanfor. Vi vil også streke under at det er viktig at kysten si mangfoldige kulturhistorie blir sentral i framtidas kulturminnesatsing.

Kulturminna og lokalsamfunnet

Vi støttar sterkt den vekta utvalet har lagt på lokalsamfunnet si forvaltning av kulturminna (kap. 4), og potensialet som ligg i bruk av kulturminna i reiselivssamanheng. I samarbeidet mellom våre kommunar har vi arbeidd hardt for ei berekraftig utnytting av kulturminna til reiselivsversemd, og tykkjer vi har lukkast bra så langt. Det er i denne samanheng svært viktig at ein verneprosess startar i lokalsamfunnet, slik at det blir meningsfylt for folk flest å delta når beslutningar om kulturminne skal takast.

Eigarar

Vi støttar utvalet sine tilrådingar under kap. 5 – eigarar. Vi merkar oss her spesielt punkta om større likeverd mellom private eigarar og offentleg kulturminneforvaltning, og at eigarane blir kontakta så tidleg som mogeleg i ein fredningsprosess.

Styrking av dei økonomiske verkemidlane

I kap. 9 har utvalet mange tilrådingar for å styrke dei økonomiske verkemidlane i kulturminnevernet. HAFS Regionråd støttar desse tilrådingane så sterkt vi kan, for i dag står tilskotsordningane slett ikkje i høve til oppgåvene og utfordringane i kulturminnevernet. Vi er glade for at Norsk Kulturminnefond no ser ut til å bli skipa i samband med rev. nasjonalbudsjett, og vonar verkeleg at det etterkvart får ein storleik som verkeleg kan monne.

Den offentlege kulturminneforvaltninga

Vi har med stor interesse merka oss arbeidet som MD har sett i gang for å delegere ein del oppgåver i kulturminneforvaltninga til kommunane. Vi er positive til å overta fleire kulturminneoppgåver, men det må då følgje med langsiktige økonomiske verkemidlar som set kommunane istand til å utføre oppgåvene. HAFS-kommunane ynskjer å utvikle kulturminnesamarbeidet vidare gjennom Stiftinga Jensbua, og vonar at det i denne delegeringa blir lagt opp til vi kan utføre kulturminneoppgåvene i interkommunalt samarbeid også i framtida.

Vi meiner at kommunane si rolle i kulturminnevernet først og fremt bør vere positiv, motiverande og tilretteleggjande. I mindre grad bør rolla vere kontrollerande og dispenserande, og vi ber difor om at kontroll- og dispensasjonsfunksjonen også i framtida bør ligge hos fylkeskommunen/fylkesmannen.

Kunnskap og utdanning

Utvalet legg i kap. 11 opp til ei sterk satsing på utdanning innafor kulturminnefeltet – frå grunnskule til universitet. Vi vil be om at det snarast blir sett i gang gode utdanningstilbod for kulturminne-handverkarar. Vi opplever sterk mangel på gode handverkarar i fleire fag, og registrerer at forsøka på å etablere slike tilbod, har vore famlande.

Det blir også i kap. 11 snakka varmt om trongen for regionale kompetansemiljø og nettverk mellom dei. Vi er samde i at desse – kall dei gjerne bygningsvernsentra – vil vere ein føresetnad for eit offensivt og desentralisert kulturminnevern. Vi vil i denne samanheng vise til at vårt regionale kompetansesenter for kulturminnevern – Stiftinga Jensbua – i mange samanhengar har falle mellom fleire stolar fordi tilskotsordningane ikkje har vore tilpassa målsetjingane i kulturminnevernet. Vi meiner det bør etablerast tilskotsordningar som kan nyttast til oppbyggjing og drift av kompetansesentra for kulturminnevern.

HAFS Regionråd ynskjer lukke til med gjennomføring av tiltaka som Kulturminneutvalet har tilrådd i "Fortid former framtid".

Dale 30.05.2002

Ove Losnegård